

# Hesthagen

Av Knut Raastad, 2017



Hesthagen ligg i Nordherad vest for Kvarberg og aust for Stavseng.

Folketellinga i 1910 viser familien som budde i Hesthagen. Det var Knut Syversen Hestehagen 1876-1966 med familie, han var son til Syver Thorsen Vistekleiven m. 1842-1900 og Ragnhild Knutsdtr. Helleløkken 1851-1883. Knut vart 1898 gift med Rønnaug Hansdotter Nystuen (u. Storvik) 1875-1924 dotter til Hans Kristensen. I 1896, 1899 og 1904 var Knut og Rønnaug i Hellelykkja medan dei i 1900 budde i Bjørviken. Knut og Rønnaug hadde 3 barn:

Ragnhild f.1896, g.1924 m. Hans Olsen Sveen 1892-1979. I Fjellheim.

Hans f.1899

Knut 1904-1969, ugift. Han bygde seg stugu i Fjellheim.

Hesthagen låg under nigard Kvarberg. Etter utskiftinga av Kvarbergsgardane som vart ferdig i 1940 kom Hesthagen under uppigard. Hans flytte stugu til ovanfor Resvold (ved huset til Ragnar Grøsland), huset stod der til ca. 1970. Hans flytte til Fjellheim ca. 1970. Knut 1876-1966 budde på nigard Kvarbergt til først på 1960-talet, flytte så til Fjellheim.

Tomta der husa i Hesthagen låg vart frådelt frå uppigard Kvarberg som gnr. 72 bnr. 9 og Asbjørn Kvarberg bygde seg hus der i 1979-1980. Asbjørn Kvarberg er sambuar med Kari G Holen.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå g Lom, Slektan på Fellese med Helle-, Helleløkken- og Resvoldrekken Folketelling 1910

Olav Kvarberg

Asbjørn Kvarberg

Oplandsarkivet Vågå: familieark mm.  
1881.no